



Florvaag Hus As
Nøstegaten 56
5011 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4608 - 22/54870

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
04.07.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 445/498 Manger nedre

Tiltak: Einebustad
Byggjestad: Gbnr: 445/498
Tiltakshavar: Roald Hagen
Ansvarleg søkjar: Florvaag Hus As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.06.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er i sak 22/1118, datert 19.03.2022 gjeve felles løyve for planering av tomteområde og legging av leidningsnett for vatn og avløp på følgjande gbnr. 445/493,494,495,497,498. Dette tiltaket skal avsluttast med mellombels bruksløyve eller ferdigattest før det kan gjevast løyve til oppføring av einebustad.
2. Det ligg ikkje føre godkjent rørleggermelding for tilknytning til offentleg vatn og avløp. Eigedomen er såleis ikkje sikra naudsynt infrastruktur, jf. Pbl § 27-1 og 27-2. Mottatt rørleggermelding frå Andersen & Son Rørleggerforretning AS er mangelfull. (sjå vedlegg.)

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 04.08.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedkomande rørleggermelding - gbnr 445498 Manger nedre

Kopi til:

Grethe Farestvedt	Løbergsalleen 2	5073	BERGEN
Roald Eugen Hagen	Løbergsalleen 2	5073	BERGEN

Mottakarar:

Florvaag Hus As	Nøstegaten 56	5011	BERGEN
-----------------	---------------	------	--------